



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for september 2018.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vegard Gjerde
Visepres: Bjørn Teigene
Sekretær: Knut Strømsjordet
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Oskar Grimstad
Ansv.red.: Åge Nytun
Referent: Vigdis Riise

Høst på heien.

Korpen sitter på kirkeport
skriger så sårt mod kvæld.
Nu er det tomt, og nu er det tyst
over det vide fjeld.

Klokken ringer fra kirketårn
udover øde sletter.
På korsene rider de hekse tre
og skriger i mørke nætter.

De danser over de tuer små
og leger med dødmands ben.
Så ler de høit i den tause kvæld
og hopper på gravenes sten.

Og korpen sitter på kirkeport,
og klokken den ringer mod kvæld.
Men ingen færdes vel længere nu
over det ødslige fjeld. -

Vilhelm Krag

Referat frå Rotarymøte 3. september.

President **Vegard Gjerde** hadde til dette møtet kalla inn til dugnd på Rotarystien med ordre om å take med kantklipparar, plenklipparar og ryddesakser.

Det var meldt fint ver, men ut på ettermiddagen kom regnet. Dugnaden vart likevel gjennomført, og om lag 20 medlemar og 2-3 andre turinteresserte hadde møtt opp ved Melshornbrua..

Og medan regnet rann ned, vart mykje godt arbeid, -både framover og nedover,- gjennomført.

Klokka 1900 stod Vigdis Rise ved brua med kaker, og presidenten møtte med kaffikanner til ei lita matykt og prat til slutt.

Referat frå Rotarymøte 10. september.

For at medlemane skulle minnest geitebukkane vi har på «grasing» ved Rotarystien, var songen «Blåman, Blåman bukken mein» sunge innleiingsvis.

Presidenten ga straks ordet til kveldens foredragshaldar **Gisle Veddegjerde** frå Sula RK. Han er tilsett i Lloyds Register som serien Suveyor. (skipsskontroll). Han er skipsteknisk utgreiar for ekspertgruppa som har vurdert «**Scandinavien Star**»-brannen natt til 7. april 1990 då ferja var på veg frå Oslo til Fredrikshavn, og då det oppstod ein omfattande brann ombord.

På turen var 383 passasjarar samt 99 besetningsmedlemar. I brannen omkom 159 menneske, derav 136 frå Noreg.

Den havgåande bilferja var bygd i 1971/72 og bygd om i 1974.

Brannen er karakterisert av mange som ein mordbrann noko Veddegjerde for sin del understreka mange gongar: Dette var ikkje noko ulukke, men rein forsikringssvindel og ein gjennomført mordbrann. Han understreka, og forsøkte å dokumentere at omstenda rundt brannen ikkje var godt nok etterforska, og at den endelege brannårsaka ikkje var kjend/offentleg godkjend.

Han som vart plukka ut som som brannstiftar var uskuldig, meinte han.

I undersøkingar som m.a. han i ettertid, på vegne av dei etterlatte har gjennomført,- har han møtt ein mur av ekstrem motstand., og for han sin del har tiltrua til det norske rettssystemet fått ein varig knekk. Mange pårørande «skrik» i dag etter svar. Og rapporten Stortinget initierte i ettertid, var skremende dårleg.

Ferja hadde m.a. Ikkje overrislingsanlegg. Ho var forsikra framtil 1990 for 10 mill dollar då det brått vart teikna forsikring for 24 mill dollar. Berre dette initiativet burde få augene opp for nokon kvar.

I foredraget gjekk han gjennom båten nesten meter for meter og minutt for minutt kva som hadde skjedd. M.a. hadde ein i ettertid funne lintøy som var dynka av brennbar væske. Og brannen utvikla seg dramatisk fort i ein oljebrann med høg temperatur som var «umogleg» å slukke. (50 omkomne var m.a. heilt utbrende og forstøva)

Offentleg meinar ein at brannen var i internasjonalt farvatn. Eigentleg var brannen i svensk farvatn, utan at svenskane har brydd seg nok vesenleg om det har gått føre seg «eit massedrap på svensk jord»,- som han uttrykte det.

I løpet av det times lange innlegget, som strekte seg til «overtid», kom han inn på ei masse detaljar som understreka at dette måtte vere ein mordbrann, for å få ut forsikringspengar.

Rystande å høyre.

Referat frå Rotarymøte 17. september.

Dette møtet var å sjå på som eit framhald av «møtet» 3.9.; **Dugnad på rotarystien.**

I «spillvatn» frå sydvest møtte mange opp ved Melshornbrua, om ikkje så mange som 3.9. Men likevel. Mykje godt arbeid vart utført med rydding der sakser, kantklipparar og plenklipparar var i aktivitet. Og sjølvsgat med «sosial» kaffi ved brua etter kl 1900. Vigdis laga mat og Harald T bringa.



Rotartymøtet 24. september.

Som vanleg: Song innleiingsvis: «Det var en lørdag aften....»

President Vegard ynskte velkomne og glede seg i dette møtet til å ta opp to nye medlemar:

Harald Møller og Per Johan Rise.

Det var seremonimeister **Johan Ole Brandal** som stod føre det høgtidelege seremonien med presentasjon og tale.

Fadderane, **Vegard Gjerde og Sverre Bjåstad** stilte også opp under seremonien (sjå bilde)

Harald hadde sin yrkesmessige bakgrunn i skipsbyggarmiljøet, og Per Johan i møbelbransjen.

Johan Ole understreka litt høgtida i eit slikt opptak og var glad for to nye medlemar på same tid.

Han vona at begge ville trivast i rotarymiljøet og fortalde så vidare opphavet og bakgrunn til organisasjonen Rotary. Til slutt kom han inn på, og la vekt på den såkalla «firespørsmålsprøva» som alltid er basis i samværet i og mellom medlemane, - i tillegg til mottoet: «Alltid å gagne andre.»

Presidenten festa så den fine rotarynåla på brystet til dei nye medlemane, og deretter gratulerte han dei som nye medlemar.

Sverre Bjåstad, redaktør av jubileumsboka til Hareid Rotary, overrekte dei så kvar sitt eksemplar av boka,

Dette møtet var egentleg eit programfritt møte.Og før presidenten slapp forsamlinga til med å «summe» rundt kvar enkelt bord,oppyste han at den tiltenkte regionale festen i oktober ikkje vart noko av(for få påmelde),- og at eitt av medlemane våre **Dagfinn Paus**,hadde fått innvilgning inntil vidare.



f.v. President og fadder Vegard Gjerde,nytt medlem Harald Møller, Seremonimester Johan Ole Brandal, nytt medlem Per Johan Rise og fadder Sverre Bjåstad.